

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår referanse:
17/00622-3

Deres referanse:
17/3897-4

Dato:
08.11.2017

Saksbehandler:
Dag Vatne, mobiltlf. 952 09 109

Høyringsfråsegn-forslag om endringer i opptaksforskrifta

Helse Sør-Øst RHF har motteke brev frå Kunnskapsdepartementet om den årlege gjennomgangen med vurdering av behov for endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning (opptaksforskrifta) datert 14. august 2017 og tilleggsbrev om same sak datert 2. oktober 2017.

Endringsforslaga vart sende ut på høyring med sams frist for svar tysdag 14. november 2017.

Forslaga omfattar følgjande reglar i opptaksforskrifta :

- Kapittel 2. Generell studiekompetanse (§§ 2-3 og 2-4)
- Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse (§ 3-6)
- Kapittel 4. Spesielle opptakskrav (§§ 4-3, 4-5, 4-8 og 4-10)
- Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak (§§ 7-3, 7-9, 7-10 og 7-11)

Dei foreslåtte endringane gjeld i hovudsak tekniske tilpasningar til nye lovreglar og endra utdanningstilbod, tekstlege forenklingar og innmelde praktiske behov.

Helse Sør-Øst RHF er særleg nøgd med at eksamen frå 2-årig fagskole (120 fagskolepoeng) no gir generell studiekompetanse utan tilleggskrav, jf. føresegnas § 2-4.


Vidare vil vi peika på endringane i reglane for tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønnet, jf. føresegnas § 7-9. Dersom desse vert nytta målretta, vil dei kunne hjelpa til med å jamna ut uheldige forskjellar mellom kjønna når det gjeld samansetning av arbeidsstokken i sjukehusa, særleg innanfor pleiefaga.

Hele Sør-Øst RHF har elles ingen merknadar til endringsforslaga.

Med vennleg helsing
Helse Sør-Øst RHF



Svein Tore Valsø
konstituert hr-direktør



Dag Vatne
spesialrådgiver hr